



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	14.12.2023
Møtetid:	15:00 - -23:15
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Austrheim samfunnshus, kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Morten Sognnes, ordfører, Høgre
Hege Ramsland, medlem, Høgre
Aslak André Bakke, medlem, Høgre
Per Lerøy, varaordfører, Arbeidarpartiet
Ann Kristin Leirvåg, medlem, Arbeidarpartiet
Terje Håland, medlem, Arbeidarpartiet
Monika Thorpe, medlem, Arbeidarpartiet
Reidar Ulvøy, medlem, Arbeidarpartiet
Anette Kaland, medlem, Arbeidarpartiet
Frank Erik Øksnes, medlem, Industri- og næringspartiet
Renee Hansen Semmingsen, medlem, Samlingslista
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, medlem, Senterpartiet
Reidar Øksnes, medlem, Senterpartiet
Gro Kaland, medlem, Senterpartiet

Faste medlemmer som ikkje møtte

Ingeborg Lohne Hordvik, Samlingslista
Kristoffer Myklebusthaug, Høgre
Oskar Nordgard, Høgre
Reidar Ulvøy, Arbeidarpartiet, hadde forfall frå 15.00 til 15.50

Frammøtte varamedlemmer

Tore Svendsen, Samlingslista, møtte for Ingeborg Lohne Hordvik
Magnus Kvingedal, Høgre, møtte for Kristoffer Myklebusthaug

Odd-Marthin Totland, Høgre, møtte for Oskar Nordgard

Kristian Semmingsen Lerøy, Arbeidarpartiet, møtte for Reidar Ulvøy fram til han var på plass

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug, kommunalsjef oppvekst og kultur Trine Merete Jansen, kommunalsjef for samfunn og tenesteyting Bjarte Rosenlund, kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn, økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes, einingsleiar Plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Nagell Toft, møtesekretær Ketil Tjore

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Møtesekretær Ketil Tjore

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 113/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 114/2023	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 115/2023	Referatsaker	
OS 100/2023	Orienteringssak	
RS 100/2023	Protokoll Austrheim kontrollutval 06.12.23	
PS 116/2023	Innvendig opprusting havsportsenteret	
PS 117/2023	Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	
PS 118/2023	Strøyming av politiske møte	
PS 119/2023	Informasjonsskilt og digital informasjon	
PS 120/2023	Busetting av flyktningar - 2024	
PS 121/2023	Tilsynsstrategi 2024	
PS 122/2023	Revisjon av avtale - Selsøy - Bautastein	
PS 123/2023	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid - Nordhordland Legevakt	
PS 124/2023	Endring av vilkår i bevilgning til prosjekt Nordliheimen - ny handsaming	
PS 125/2023	Transporttilbod til og frå Aufera AS	
PS 126/2023	Økonomirapport for oktober månad	
PS 127/2023	Økonomireglement - frå 2024	
PS 128/2023	Finansreglement - oppdatering frå 1.1.2024	
PS 129/2023	Førebels rekneskap 2023	
PS 130/2023	Handlings- og økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2024	
PS 131/2023	Lånegaranti til Sætremarka borettslag	

PS 132/2023	Møteplan for 2024
PS 133/2023	Utsendingar til årsmøte i Bergen og omland friluftsråd 2023 - 2027
PS 134/2023	Val av medlemmer til Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt
PS 135/2023	Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2023 - 2027:
PS 136/2023	Val av representant og vararepresentant til SU ved Kaland barnehage 2023 - 2027
PS 137/2023	Val av representant og vararepresentant til SU ved Austrheim kystbarnehage 2023 - 2027
PS 138/2023	Val av representant og vararepresentant til representantskap i IUA Bergen region KOF
PS 139/2023	Val av medlemmer til administrasjonsutvalet
PS 140/2023	Val av representant og vararepresentant til SU ved Årås skule 2023 - 2027
PS 141/2023	Val av representant og vararepresentant til SU ved Kaland skule 2023 - 2027
PS 142/2023	Val av representant til kyrkjeleg fellelråd 2023 - 2027
PS 143/2023	Val av medlemmer til landbruksfagrådet 2023 - 2027
PS 144/2023	Val av utsendingar til eigarmøte og representantskap i Aufera 2023 - 2027
PS 145/2023	Val av representant til årsmøte i Gløde 2023 - 2027
PS 146/2023	Val av medlemmer til Eldrerådet 2023 - 2027
PS 147/2023	Val av tingsutval
PS 148/2023	Austrheim kommune sine medlemmer i representantskapet i NGIR
PS 149/2023	Val av medlemmer til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2023 - 2027
PS 150/2023	Val av Arealplanutval 2023 - 2027

- PS 151/2023 Val av medlemmer til vassområdeutval 2023-2027
- PS 152/2023 Val av ungdomsråd 2023 - 2025
- PS 153/2023 Val av representant for interkommunalt arkiv 2023 - 2027
- PS 154/2023 Oppdatering etter valet av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

PS 113/2023 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Tore Svendsen (SV) etterlyste referatsaker.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at det vil komma fleire referatsaker til kommunestyret framover, etter kvart som ein kjem inn i bruken av Elements, det nye sak- og arkivsystemet.

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 114/2023 Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent

PS 115/2023 Referatsaker

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Det var ei referatsak, møteprotokollen frå Kontrollutvalet 6. desember 2023.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunestyret tok referatsakene til vitande.

OS 100/2023 Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek orienteringane til vitande

RS 100/2023 Protokoll Austrheim kontrollutval 06.12.23

PS 116/2023 Innvendig opprusting havsportsenteret

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

116:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Tore Svendsen (Samlingslista) spurte kvar kommunedirektøren skal finna dekning for det aktuelle beløpet (500.000 kroner). Kom med framlegg til tilleggspunkt:

3. Kommunedirektøren legg fram til det neste møtet kvar midlane til opprusting av Havsportsenteret skal hentast frå.

Kommunedirektør Fjellhaug presiserte at det er inntil 500.000 kroner, og at dette skal dekkast innanfor teknisk si ramme, og at arbeidet i stor grad vil skje med eigne ressursar. Ikkje noko i vegen for å komma tilbake med eit notat om korleis dette er brukt og finansiert.

Tore Svendsen (Samlingslista) gjentok at han gjerne vil ha tilbakemelding på kva postar det er henta frå.

Ordførar Morten Sognnes (H) spurte om Svendsen ønskjer dette opp som ei ny sak til kommunestyret.

Tore Svendsen (Samlingslista) svara at han ønskjer å få ei ny sak som ein kan stemma over, og vera samd/usamd med.

Kommunedirektør Fjellhaug svara at det vert henta midlar innanfor teknisk. Det kan komma som referat/melding til kommunestyret kvar midlane er henta frå.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om ein kan få ein leigeavtale som varer for heile kommunestyreperioden. Kommunedirektør Fjellhaug sa at det er dialog med huseigar, trur ikkje det vert vanskeleg å forlenga leigeavtalen ut kommunestyreperioden.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at han ønskjer å gå lengre, om det er mogleg å integrera den gamle Lone-butikken, for å ha areal til å etablera eit Bua-tilbod i Austrheim. Ligg rimeleg nære Havsportsenteret. Kommunedirektør Fjellhaug svara at det kjem ei sak som omfattar Bua, ei sak som også var i orientert om i formannskapet. Jobbar med dette og har ei løysing utan desse lokala i Mastrevik, men kan også sjå på desse lokala også om det er ønskje om det.

Aslak Bakke (H) spurte om det er mogleg å få eit samarbeid med AVS/bygglinja i samband med utbetringa av lokala for Havsportsenteret. Kommunalsjef Bjarte Rosenlund svarte at det er i tankane.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

1. Det vert nytta inntil kr 500 000 inkludert mva til utbetring av lokala til havsportsenteret.
2. Kommunedirektøren finn dekning for tiltaket innanfor det ordinære driftsbudsjettet.

PS 117/2023 Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012 – 2020 vert vidareført til 2024.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2023.

Prioritering/ søknadsnr	Ordinære anlegg	
1 155764	Sauøy, Båthus/padlehuk	Fornyast
2 156149	Baløy, Småbåthamn	Fornyast
3 156168	Rongevær, rehabilitering av friluftsområdet	Ny søknad
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	
1	Zipline, uteområde v/ Kaland skule	Ny søknad
2	Balansebom, uteområde v/ Kaland skule	Ny søknad

PS 118/2023 Strøyming av politiske møte

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Etter dette ba Monika Thorpe (Ap) om gruppemøte, og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) om gruppeleiar møte, og det var pause i møtet for dette.

Monika Thorpe (Ap): la fram eit framlegg til vedtak på vegner av Arbeidarpartiet, Høgre og INP:

Møta i kommunestyret vert strøyma slik som no. Ventar med oppstart av strøyming av møta i det nyoppstarta levekårsutvalet, og tar pause frå strøyming av formannskapet fram til sommaren 2024. I denne perioden må referata frå desse møta vera skjerpa. Strøyming skal evaluerast til sommaren 2024.

Thorpe la til at for openheit er det mogleg å løysa dette gjennom gode referat frå formannskapet.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at Samlingslista ønskjer at alt vert strøyma, men at ein kan venta med strøyming av levekårsutvalet. Om Austrheim ønskjer å vera ein transparent kommune må møta strøymast, det er ikkje så lett for alle å komma i møtet, med jobb og anna. Referat er OK, men det er lettare å sjå sendinga. Når ein har stilt til val på politisk liste så er det innanfor å vera på strøyming. Ser at teksting kan vera vanskeleg, tenkjer at når det har lagt 14 dagar så er det OK å ta det vekk.

Møta i kommunestyret og formannskapet vert strøyma slik som no. Ventar med oppstart av strøyming av møta i det nyoppstarta levekårsutvalet.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at ein røystar slik at Samlingslista sitt framlegg kjem først.

Handsaming i kommunestyret:

Samlingslista sitt framlegg fekk støtte av 2 (Renee Semmingsen og Tore Svendsen, begge Samlingslista) og fall med 2 mot 15.

Deretter vart kommunedirektøren sitt framlegg sett opp mot framlegget frå Ap/H/INP. Framlegget frå Ap/H/INP vart vedteke med 15 mot 2 røyster (Samlingslista).

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Møta i kommunestyret vert strøyma slik som no. Ventar med oppstart av strøyming av møta i det nyoppstarta levekårsutvalet, og tar pause frå strøyming av formannskapet fram til sommaren 2024. I denne perioden må referata frå desse møta vera skjerpa. Strøyming skal evaluerast til sommaren 2024.

PS 119/2023 Informasjonsskilt og digital informasjon

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

1. Utdaterte informasjonsskilt ved kommunegrensene vert demontert og ikkje erstatta. Det vert sett opp digitale informasjons-stasjonar på Mastrevik torg og ein av butikkane ved Mongstad-krysset, innanfor ei kostnadsramme på 200 000 inkludert mva.
2. Tiltaket vert finansiert over investeringsbudsjettet i 2024.
3. Formannskapet ber kommunedirektøren om å få på plass "Velkommen Heim"-skilt ved vegtilkomstane til kommunen

PS 120/2023 Busetting av flyktningar - 2024

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) sa at han støttar kommunedirektøren sitt framlegg. Må vera budde på at denne krigen (i Ukraina) kan vara i mange år, og at det difor vil vera trong for å ta i mot flyktningar i mange år framover. Lerøy oppmoda til å få fart på bygging av bustader, og viste til framlegget om å byggja nye bustader med livsløpsstandard, som kan løysa både behovet no til bygningar til flyktningar, og eigne behov for kommunen etter kvart. Prosjektet er viktig også for anleggs- og byggenæringa. Tomtene er der, berre setta i gang.

Monika Thorpe (Ap) sa at det er viktig også med nye innbyggjarar og arbeidskraft, og spurte om korleis det er med sysselsetting av nye innbyggjarar.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen svara at det er krevjande med arbeid til flyktningane, kommunen er i dialog med Nav om kva ein kan gjera for å setja dei ukrainske flyktningane i stand til å komma i arbeid. Det er mogleg at Nav kan gje ytterlegare støtte til livsopphald, medan flyktningane får ytterlegare norskopplæring. Språk er ei utfordring, enkelte kan heller ikkje engelsk frå før av.

Ser også på engelskopplæring, som kan vera viktig for å få arbeid.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at han støttar kommunedirektøren, og spurte så om kva yrkeserfaring desse ukrainske flyktningane har? Ulvøy spurte vidare om det er mogleg å bygga fire leilegheiter i det gamle kommunehuset, og viste til utrekningar om at 800.000 kroner skal vera nok til å dekkja kvar leilegheit inkludert el-anlegg og liknande.

Ordførar Morten Sognnes (H) kommenterte at sakene om det gamle kommunehuset og busetting av flyktningar ikkje kan koplast direkte.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen svara om kartlegging av kompetanse, dette vert kartlagt ved mottak til landet, samt av vaksenopplæringa gjennom eit verktøy som Imdi har laga.

Renee Semmingsen (Samlingslista) spurte om integrering av barn og unge, og sa at dei ikkje klarer vanleg undervisning når dei ikkje kan norsk eller engelsk. Er det mogleg at det er fleire lærarar mellom flyktningane, som kan hjelpa i skulen? Her svara kommunalsjef Jansen at dei alt brukar flyktningar til skule og språkopplæring.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om kommunen kan velja kva nasjonar ein tar i mot flyktningar frå, og spurte korleis ein ville stilt seg til flyktningar frå andre nasjonar (enn Ukraina).

Kommunalsjef Trine Merete Jansen svara at spørsmålet frå Imdi no er basert på behovet frå Ukraina, men kan ikkje seia kvar flyktningane kjem frå i framtida. Jansen sa at om ein skal klara å dekkja behovet for beskyttelse må kommunane vera klare for å ta på seg dette ansvaret. Om integrering sa Jansen at det er ingen av dei syriske flyktningane som er i introduksjonsprogram no.

Aslak A. Bakke (H) sa at språkvanskar og kulturforskjellar kan vera ei utfordring for å komma i arbeid.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er uro i ein del kommunar på grunn av mangel på arbeidsplassar og mangel på bustader til flyktningar, men at Austrheim skal klara å handtera dette mottaket slik det er skissert.

Frank Erik Øksnes (INP) spurte om det er kapasitet på legetenester og helse elles.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen svara at legetenester er bra dekkja.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om det er tilstrekkeleg kapasitet på helsesjukepleiar: Er det slik at journalføring er mangelfull på grunn av manglande kapasitet? Her svara kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy at det er krevjande innan eininga for helsesjukepleiar, men har ikkje fått melding om at saker ikkje vert journalførte. Denne tenesta har hjelp av miljørettleiarar på skulane, det er avlastande.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Austrheim kommune imøtekjem IMDi si oppmoding om å busette til saman 35 flyktningar i 2024.

PS 121/2023 Tilsynsstrategi 2024

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Einingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Tore Svendsen (Samlingslista) sa at han saknar tilsyn av landbrukssaker. Har sjekka med Alver, som ikkje har rutinar for tilsyn med vedtak dei gjer for Austrheim kommune, til dømes landbruksvegar. Etterlyser at kommunedirektøren ser på ein måte for å løysa dette.

Asbjørn Toft svara at det er andre fleire lover som er inne i landbrussaker, planavdelinga følgjer opp dei sakene ein får inn. Ikkje alltid folk er samde i konklusjonane, men kommunen følgjer opp.

Tore Svendsen (Samlingslista) sa at han ønskjer meir kontroll av landbrukssaker, utanom saker der det er gitt tips. Ordførar Morten Sognnes (H) svar at ein inviterer landbrukssjef i Alver, Laila Bjørge, til kommunestyret i 2024 for orientering om emnet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

PS 122/2023 Revisjon av avtale - Selsøy - Bautastein

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Einingsleiar Plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) ba om at avtalen vart forlenga til å gjelda fram til 2045, slik at ein kan feira 100 års-dagen for freden.

Asbjørn Toft svara at det nok ikkje er problematisk å strekka dette til 2045.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at ein burde gjera som med Rongevær, og få alle skuleklassane ut ein gong i året, slik at dei ikkje misser denne historia.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

1. Formannskapet godkjenner at det kan inngåast revidert avtale med Mikal Krossøy om Selsøy.
2. Formannskapet godkjenner at Austrheim Kommune overtek eigedomsretten til Bautasteinen på Selsøy frå Neptun Seniorklubb.

PS 123/2023 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid - Nordhordland Legevakt

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Vil ta den nye avtalen opp med ny kommunedirektør i Alver, herunder legevaktsdekning kvardagar frå klokka 15.30 til 16.00, og kven som har ansvaret for legevaktutrykking til Mongstad (også den delen av Mongstad som ligg i Alver).

Tore Svendsen (Samlingslista) spurte om ikkje Mongstad/Equinor har eigen ambulanse, fekk til svar at dei ikkje har det, Svendsen spurte om ikkje Equinor burde dekkja dette.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han støttar framlegget, for å ha ein avtale som ein kan revidera seinare. Helseteneste og samarbeid om beredskap er også viktig for rekruttering til alle bedrifter, det å ha eit godt tilbod av denne typen.

Per Lerøy (Ap) viste til at det er mange bedrifter på Mongstad som ikkje er Equinor sine, og av desse er det mange bedrifter utan eigne bedriftshelsetenester. Må få inn i avtalen at Austrheim kommune skal kompensera for den jobben dei gjer.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at helsetenestene rykker ut når det skjer noko, uansett kvar det er. Sa vidare at ein skal dette med kompensasjon inn i det vidare arbeidet med avtalen.

Gro Kaland (Sp) spurte om det er rett at den faste delen av kostnaden skal auka. Synest det er dyrt opp mot Alver i den nye avtalen, og synest det var dyrt tidlegare også.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at storleiken på dei faste kostnadene har vore eit diskusjonspunkt, dette er eit kompromiss som er forhandla ned frå utgangspunktet, og ein tek auken gradvis. Vil i tillegg sjå på kompensasjon for uttrykking til Mongstad.

Morten Sognnes (H) viste til korleis det var med Equinor sitt ambulansetilbod, som vart så mykje nytta at Helse Vest ville bygga ned sitt eige tilbod i Austrheim. Equinor har etter dette redusert sitt tilbod, har bistandsplikt ved utrykking til andre stader, men må ha mannskap tilstrekkeleg til å dekkja eigen beredskap undervegs.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunestyret i Austrheim vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

PS 124/2023 Endring av vilkår i bevilgning til prosjekt Nordliheimen - ny handsaming

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunestyret vedtek at det ikkje vert skifta golv i gangar på Nordliheimen, som gjort greie for i saka.

PS 125/2023 Transporttilbod til og frå Aufera AS

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Per Lerøy (Ap) la fram framlegg om å utsetta saka, jamfør at det er kontakt med Aufera om å sjå saman på eit kjøp av ein bil. Dette må utgreiast i eit samarbeid mellom ordføraren, Aufera og administrasjonen. Ønskjer å utsetta saka inntil dette er utgreidd.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at det må komma opp igjen på første kommunestyremøte i 2024, eller i det minste orienterast der om kvar saka står. Her svara ordførar Morten Sognnes (H) at saka må vera skikkeleg utgreidd før den kjem tilbake til kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for utsettingsframlegget.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Etter møtet i formannskapet 27. november har det kome opp eit nytt framlegg som kommunedirektøren må utgreia og drøfta med Aufera. Me ber derfor om at denne saka vert utsett og at dagens ordning blir vidareført inntil ei ny transportløysing er på plass.

PS 126/2023 Økonomirapport for oktober måned

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes sa at denne månadsrapporten ikkje skulle gått til kommunestyret, men berre til formannskapet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Formannskapet tek økonomirapporten til vitande.

PS 127/2023 Økonomireglement - frå 2024

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Austrheim formannskap/kommunestyre vedtek økonomireglement for Austrheim kommune.

PS 128/2023 Finansreglement - oppdatering frå 1.1.2024

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Austrheim kommunestyre vedtek det oppdaterte finans- og gjeldsforvaltningsreglementet.

PS 129/2023 Førebels rekneskap 2023

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga:

Det forenkla prognoserekneskapen for november var ettersendt kommunestyret

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

1. Kommunestyret tar den forenkla prognoseregnskapet til vitande.
2. Kommunestyre godkjenner forslaget til budsjettjusteringar på drift og investering.

PS 130/2023 Handlings- og økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2024

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga:

Monika Thorpe presenterte budsjettframlegget frå Ap, H og INP:

Budsjettinnspel frå Ap, H og INP

Eldrebusadar må byggjast dei neste åra både på Kaland og Årås. Me ber om at det vert laga planar for å byggja inntil 20 busadar med livslaupsstandard i perioden 2024 – 2026. Bustadane vil bli bygd av private firma og kan bli seld til private, til burettslag eller bli brukt som kommunale utleigebusadar. 20 bueiningar vil kosta om lag 50 millionar kroner inkludert meirverdiavgift. Dei to prosjekta skal vera sjølvfinansierande og ikkje belasta det kommunale driftsbudsjettet. Kommunedirektøren kjem tilbake til politisk med ei utgreidd sak om dette.

Disposisjons- og næringsfond. Eventuelt mindreforbruk på årets driftsbudsjett skal setjast av på disposisjonsfondet og på eit eige næringsfond som først og fremst skal rettast mot primærnæringsane.

Ny sjukeheim. Inntekter frå sal av kommunale eigedommar skal setjast av på eit fond til ny sjukeheim.

SFO-betalinga vert redusert med 25% for 3. og 4. klasse, altså frå 3310 kr per måned for 14 timar til 2482 kr. Reduksjonen er på 828 kr per måned. Dette vil truleg kosta oss i underkant av 400.000,- kroner i året. Me ber om at dette vert innført frå 1. august og at kostnadane på rundt 200.000 kroner i 2024 vert dekkja inn gjennom budsjettjusteringar for dei to skulane.

Austrheim sokneråd ber om meir driftsmidlar. Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon finn me det ikkje forsvarleg å gje soknerådet alt dei ber om, men me ønskjer likevel å auka driftstilskotet med 250.000,- kroner til 3,82 millionar kroner. Desse dekkjer me inn ved å redusera driftsutgiftene i helse og velferd med ein tilsvarande sum.

Furuly. Vidare støtte til Stiftinga Furuly Eldresenter vart i fjor utsett til revideringa av budsjettet i år, men har ikkje vore på saklista. (Sak frå budsjettmøtet i 2022).

Vassavgift for naust og bryggjer: Tilkoplingsavgift for naust og enkle sjøbuer, uinnreidde, vert sett til 10% av bustad, hytte under 90 m². For bryggjeanlegg og marinaer blir tilkoplingsavgifta sett til kr 500,- per båtplass. Årsavgifta vert for naust og enkle sjøbuer sett til 10% av bustad/hytte under 90 m² og for bryggjeanlegg og marinaer vert denne sett kr 50,- per båtplass. Store bryggjeanlegg og marinaer (meir enn 20 båtplassar) skal ha vassmålar og betala avgift etter forbruk. Amnestiet som gjeld ut året bør forlengjast til 1. juli 2024. (Sak frå budsjettvedtaket i 2019, verbaldelen).

Energisparing. På grunn av høge kostnader på straum og gass, må kommunedirektøren snarast vurderer om det bør investerast i geovarme på kommunehuset, Årås skule med idrettsanlegg og Nordliheimen eller setjast i gang andre energisparande tiltak i tråd med energikartlegginga som blir utført på våre mest sentrale bygg.

Me ber også kommunedirektøren vurderer om lysanlegga på idrettsparken bør erstattast med meir energivenlege anlegg. Det same bør gjerast for veglys og lys på kommunale parkeringsplassar og liknande.

Sjukefråvær. Lønnskostnadane er dei desidert største kostnadane i ein kommune. Historisk har Austrheim kommune hatt eit lågt sjukefråvær, men i samband med pandemien har dette biletet endra seg drastisk. Me ber om at kommunedirektøren i 2024 prioriterer og forsterkar arbeidet med å få ned sjukefråværet i kommunen. Viss ein kjem ned att på det nivået Austrheim kommune tradisjonelt har vore på når det gjeld sjukefråvær, vil det vera store pengar å spare.

Lærlingar. Kommunedirektøren vil halvera talet på lærlingar og TAF-elevar i framtida. Me vil åtvare mot ein så drastisk reduksjon og peika på kor viktige lærlingane våre er for at kommunen skal få rekruttert nok fagarbeidarar i framtida. I tillegg er det svært viktig for Austrheim vidaregåande skule at vertskommunen bidreg med både praksis- og lærlingplassar til dei utdanningstilboda skulen har. Lærlingane gjer elles ein fantastisk jobb og bidreg positivt til arbeidsmiljøet i dei einingane dei jobbar. Me meiner at Austrheim kommune til ei kvar tid bør ha minst 12 TAF-elevar og lærlingar i sine einingar

Arbeidssenter med meir. Me ber om at kommunedirektøren undersøker om det er ledige lokale i rimeleg avstand frå Vestlia som kan nyttast til Arbeidssenter og til dømes BUA, møtestad for frivillige lag og organisasjonar, vev-stove og utstillingslokale for brukarane av Kunsthuset osv. Me ber om at kommunestyret får ei sak om dette så raskt som mogeleg. Denne saka kan sjåast i samanheng med at me ber kommunedirektøren kartleggja det lokale transportbehovet i kommunen.

Tilsette på Arbeidssenteret ber også om å få disponere ein bil i arbeidstida, samt om midlar til å kjøpa inn utstyr til dei aktivitetane dei driv på Arbeidssenteret. Me ber om at kommunedirektøren sikrar dette.

Per Lerøy (Ap) sa at kommunedirektøren har gjort ein god jobb med å gå gjennom verbalpunkt i budsjettvedtaket frå desember 2022, men for stiftinga Furuly var det ikkje gjennomført at kommunen skulle ta stilling til støtte til stiftinga i samband med revidert budsjett 2022. Lerøy sa elles at han var ugild i vedtak om Furuly, som ny styreleiar for stiftinga.

Vidare sa Lerøy at det med framleggspunktet til satsar for vatn til naust og enkle sjøbuer er mogleg å henta inn avgift på desse. For dei som alt har vatn til naust og sjøbuer, utan å vera registrerte, bør kommunen forlenga avgiftsamnestiet fram til 1. juli 2024. Lerøy sa vidare at dette punktet med vatn kjem frå eit vedtak kommunestyret gjorde i 2019, det må effektuerast no.

Kommunedirektør Fjellhaug svara på innspela:

- Eldrebustader bør sendast over til AKE, skal det takast av kommunen betyr det låneopptak med finansutgifter på kring 4 millionar kroner. Per Lerøy (Ap) repliserte at då må AKE få tilgang til aktuelle tomter, kommunedirektør Fjellhaug samd i dette.

- Overføring til disposisjonsfond og næringsfond, dette kan ein disponera ved årsavslutninga.

- Tolkar at sal over det som alt er budsjettert med inntekter frå, skal leggst inn til finansiering av ny sjukeheim.

- SFO, lågare kost gjer meir bruk, slik at det ikkje er berre lågare inntekter men også høgare utgifter. Kan komma tilbake med dette til revidert budsjett 2024.

- Furuly, beklagar at det fall ut, skal sjå på dette punktet

- Kan ta eit eige amnesti for vatn til naust og brygger.

- Arbeidssenter – det som er omtala som «rimeleg avstand» er med tanke på kollektivtransport, og at tilbodet må ligga langs hovudaksen gjennom Austrheim. Kjem tilbake med ei sak på dette.

- Kartlegging av transportbehov, ganske omfattande om det skal vera alle behov, eller skal det vera kommunale behov? Her vart det presisert frå Monika Thorpe (Ap) at det er det kommunale transportbehovet, skule og barnehage til og frå symjing og anna, samt ulike kommunale tenester, som skal kartleggast.

Renee Semmingsen (Samlingslista) spurte om det må heita eldrebustader, Per Lerøy sa at det bør heita bustader med livsløpstandard, det er omgrepet Husbanken brukar. Dette vert retta i vedtaksframlegget

Renee Semmingsen spurte om ein kan inkludera også barn eldre enn 4. klasse i redusert betaling SFO, det er ikkje mange men det vil bety for dei det gjeld. Her svara kommunedirektør Fjellhaug at SFO er eit tilbod til alle i 1.-4. klasse, og for dei som er eldre er det for elevar med særskilt behov.

Renee Semmingsen (Samlingslista) oppmoda til å sleppa til ungdommane for å setja farge på skulane, kanskje ha kurs i tagging? Her svara kommunedirektør Fjellhaug at han har gode erfaringar frå andre stader med å sleppa til elevane.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa om lærlingar frå andre kommunar, at det er unge frå nordre del av Alver som heller vil vera her, av di det er lettare med kollektivtransport hit til Austrheim.

Reidar Øksnes (Sp) tok opp innspelet om vatn til naust, avklarte i diskusjon med Per Lerøy (Ap) at det framleis vil vera utbyggar som må dekkja kostnad for å få vatn fram til naust og sjøhus.

Reidar Øksnes (Sp) la fram framlegg på vegner av partiet, som forslag til verbalpunkt:

«Kommunedirektør bør ila. 2024 etablere kontakt med grunneigarar, og eventuelle lag og organisasjonar, i området Førland og Litlelindås, med formål å sjekke ut interesse for å setta av areal til framtidig buområde».

Terje Håland, Ap, tok opp framlegget til verbalpunkt som omhandla Arbeidssenteret, og sa at han meiner det heng saman med arbeidsleiar, om det skal vera halv eller heil stilling. Ba om at dette kjem opp i det neste møtet i levekårsutvalet, anten ved at det vert kalla inn eit ekstramøte i utvalet, eller at saka ventar til deira neste møte. Oppmoda også til å inkludera RMNF, og invitera inn NFU til å gje uttale i saka om arbeidssenteret. Her sa kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug seg samd med Håland, og ba om mandat til å kalla inn levekårsutvalet ved behov, i dialog med leiar i utvalet. Det viktigaste er at saka er skikkeleg utgreidd.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til framlegg til verbalpunkt for Kaland barnehage, om det skal forskyvast arbeidet med garderobar der frå 2025 til 2024 så er det OK.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte når det er meint å endra prisen for SFO, fekk til svara at det frå 1. august 2024.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak, med tillegg og endringar som ligg punktvis, merka med Økonomi eller Verbalpunkt

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Samla framlegg frå formannskapet 27. november, med verbalpunkt og økonomiske punkt frå kommunestyret 14. desember.

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2024 og handlings- og økonomiplan 2024-2027 slik det ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2024 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.
3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2024 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.
4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2024 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.
5. Investeringsbudsjettet for 2024 sjølvkost er basert på forventa framdrift på vedteken VA-plan. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp kr 10 000 000,- i lån i 2024.
6. Det vert teke opp kr 8 720 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar i tråd med investeringsplanen.
7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,-.
8. Økonomiplan for 2024-2027 og årsbudsjett for 2024 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
9. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:
 - a. Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 0,1% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 3 %.
 - b. Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.
 - c. Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.
10. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
 - a. Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
 - b. Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
 - c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.

d. Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.

e. Fordeling av bevilging til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.

f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

g. Overføre unytta investeringsmidlar frå 2023 til 2024.

11. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

12. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2024, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2024 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal baserast på differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringseigedom, og skal i 2024 vere lik 1/7 av differansen.

Eigedomsskatten vert skriven i to(2) terminar per år, i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

13. Det vert gjeve ei ramme på kr 993 600,- til kontrollutvalet.

14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 3 820 000,-

b. Austrheim Frivilligsentral kr 378 384,- (ekskl. statstilskot)

c. Austrheim ungdomsklubb kr 239 676,-

d. TV-aksjonen kr 30 000,-

15. Investeringsstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd vert auka med 100 000,- kroner, totalt 300 000,- kroner pr år i økonomiplanperioden.

16. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

17. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2024. Stortinget sin lønsskomisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2024 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

18. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.

19. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18.

20. «Gebyr- og betalingssatsar 2024» vert vedtekne slik dei ligg føre.

Verbalpunkt som var med frå formannskapet 27. november:

V-1. Til eldrebustadane treng me 16,67 millionar kroner kvart år i dei tre åra prosjektet varar. Til saman 50 millionar kroner inkludert meirverdiavgift. Dei to prosjekta skal vera sjølvfinansierande og ikkje belasta det kommunale driftsbudsjettet. Investeringsbudsjettet må derfor aukast med 50 millionar kroner i perioden 2024 – 2026. Kommunedirektøren kjem tilbake til politisk med ei utgreidd sak om dette.

V-2. Eventuelt mindreforbruk på årets driftsbudsjett skal setjast av på disposisjonsfondet og på eit eige næringsfond som først og fremst skal rettast mot primærnæringane.

Verbalpunkt som er nye i kommunestyremøtet 14. desember:

V-3. Kommunedirektør bør ila. 2024 etablere kontakt med grunneigarar, og eventuelle lag og organisasjonar, i området Førland og Litlelindås, med formål å sjekke ut interesse for å setta av areal til framtidig buområde.

V-4. Bustader med livsløpsstandard må byggjast dei neste åra både på Kaland og Årås. Me ber om at det vert laga planar for å byggja inntil 20 bustadar med livslaupsstandard i perioden 2024 – 2026. Bustadane vil bli bygd av private firma og kan bli seld til private, til burettslag eller bli brukt som kommunale utleigebustadar. 20 bueiningar vil kosta om lag 50 millionar kroner inkludert meirverdiavgift. Dei to prosjekta skal vera sjølvfinansierande og ikkje belasta det kommunale driftsbudsjettet. Kommunedirektøren kjem tilbake til politisk med ei utgreidd sak om dette.

V-5. Disposisjons- og næringsfond. Eventuelt mindreforbruk på årets driftsbudsjett skal setjast av på disposisjonsfondet og på eit eige næringsfond som først og fremst skal rettast mot primærnæringane.

V-6. Nytt helse- og omsorgstun. Inntekter frå sal av kommunale eigedommar skal setjast av på eit fond til eit eventuelt nytt helse- og omsorgstun, bortsett frå sal som alt ligg inne i investeringsbudsjettet.

V-7. Furuly. Vidare støtte til Stiftinga Furuly Eldresenter vart i fjor utsett til revideringa av budsjettet i år, men har ikkje vore på saklista. (Sak frå budsjettmøtet i 2022).

V-8. Energisparing. På grunn av høge kostnader på straum og gass, må kommunedirektøren snarast vurdere om det bør investerast i geovarme på kommunehuset, Årås skule med idrettsanlegg og Nordliheimen eller setjast i gang andre energisparande tiltak i tråd med energikartlegginga som blir utført på våre mest sentrale bygg.

Me ber også kommunedirektøren vurdere om lysanlegga på idrettsparken bør erstattast med meir energivenlege anlegg. Det same bør gjerast for veglys og lys på kommunale parkeringsplassar og liknande.

V-9. Sjukefråvær. Lønnskostnadane er dei desidert største kostnadane i ein kommune. Historisk har Austrheim kommune hatt eit lågt sjukefråvær, men i samband med pandemien har dette biletet endra seg drastisk. Me ber om at kommunedirektøren i 2024 prioriterer og forsterkar arbeidet med å få ned sjukefråværet i kommunen. Viss ein kjem ned att på det nivået Austrheim kommune tradisjonelt har vore på når det gjeld sjukefråvær, vil det vera store pengar å spare.

V-10. Lærlingar. Kommunedirektøren vil halvera talet på lærlingar og TAF-elevar i framtida. Me vil åtvara mot ein så drastisk reduksjon og peika på kor viktige lærlingane våre er for at kommunen skal få rekruttert nok fagarbeidarar i framtida. I tillegg er det svært viktig for

Austrheim vidaregåande skule at vertskommunen bidreg med både praksis- og lærlingplassar til dei utdanningstilboda skulen har. Lærlingane gjer elles ein fantastisk jobb og bidreg positivt til arbeidsmiljøet i dei einingane dei jobbar. Me meiner at Austrheim kommune til ei kvar tid bør ha minst 12 TAF-elevar og lærlingar i sine einingar

V-11. Arbeidssenter med meir. Me ber om at kommunedirektøren undersøker om det er ledige lokale i rimeleg avstand frå Vestlia som kan nyttast til Arbeidssenter og til dømes BUA, møtestad for frivillige lag og organisasjonar, vev-stove og utstillingslokale for brukarane av Kunsthuset osv. Me ber om at kommunestyret får ei sak om dette så raskt som mogeleg. Denne saka kan sjåast i samanheng med at me ber kommunedirektøren kartleggja det lokale transportbehovet i kommunen.

Tilsette på Arbeidssenteret ber også om å få disponere ein bil i arbeidstida, samt om midlar til å kjøpa inn utstyr til dei aktivitetane dei driv på Arbeidssenteret. Me ber om at kommunedirektøren sikrar dette.

Vedtaks punkt med økonomisk konsekvens, som er nye i kommunestyremøtet 14. desember:

Ø-1: Opprustingar av garderobar på Kaland barnehage skal framskundast frå 2025 til 2024, og låneopptak vert framskunda tilsvarande

Ø-2. SFO-betalinga vert redusert med 25% for 3. og 4. klasse, altså frå 3310 kr per måned for 14 timar til 2482 kr. Reduksjonen er på 828 kr per måned. Dette vil truleg kosta oss i underkant av 400.000,- kroner i året. Me ber om at dette vert innført frå 1. august og at kostnadane på rundt 200.000 kroner i 2024 vert dekkja inn gjennom budsjettjusteringar for dei to skulane.

Ø-3. Austrheim sokneråd ber om meir driftsmidlar. Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon finn me det ikkje forsvarleg å gje soknerådet alt dei ber om, men me ønskjer likevel å auka driftstilskotet med 250.000,- kroner til 3,82 millionar kroner. Desse dekkjer me inn ved å redusera driftsutgiftene i helse og velferd med ein tilsvarande sum.

Ø-4. Vassavgift for naust og bryggjer: Tilkoplingsavgift for naust og enkle sjøbuer, uinnreidde, vert sett til 10% av bustad, hytte under 90 m2. For bryggjeanlegg og marinaer blir tilkoplingsavgifta sett til kr 500,- per båtplass. Årsavgifta vert for naust og enkle sjøbuer sett til 10% av bustad/hytte under 90 m2 og for bryggjeanlegg og marinaer vert denne sett kr 50,- per båtplass. Store bryggjeanlegg og marinaer (meir enn 20 båtplassar) skal ha vassmålar og betala avgift etter forbruk. Amnestiet som gjeld ut året bør forlengjast til 1. juli 2024. (Sak frå budsjettvedtaket i 2019, verbaldelen)

PS 131/2023 Lånegaranti til Sætre marka borettslag

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Etter spørsmål frå Per Lerøy (Ap) kjem kommunedirektøren tilbake til kommunestyret i 2024 med ei forklaring av MVA-kompensasjonen som kommunen gjev til Sætre marka.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

- Austrheim Kommune innvilgar Sætremarka borettslag ein sjølvskyldnargaranti stor kroner 6 319 328,- som sikkerheit for lån.
- Garantien gjeld for lånets hovudstol maks kroner 6 319 328,- med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostningar. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga kr 6 319 328 + 10 %, totalt kr 6 951 260,-.
- Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 38 år.
- Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyrer etter 38 år med tillegg på 2 år, jfr. garantiforskriftens paragraf 3.
- Garantien må godkjennast av Statsforvalteren før den er endeleg, jfr. kommunelova § 14. (Statsforvalterens godkjenning kreves kun for garantiar som overstig kommunens beløpsgrense for godkjenning av garantiar).

PS 132/2023 Møteplan for 2024

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget, med desse endringane:

- Formannskapet 25. januar blir flytta til 1. februar.
- Formannskap 22. august, nytt møte i kalenderen.
- Formannskapet 6. juni blir flytta til 8. juni.

PS 133/2023 Utsendingar til årsmøte i Bergen og omland friluftsråd 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Representant/utsending	Vara
Sjur Brandtun (Ap)	Jan Nordø (SL)

Etter litt diskusjon kom det nytt felles framlegg, om å ta inn Kari Anne Fadnes (INP) på plassen til Anette Kaland (Ap), og så setta Anette Kaland (Ap) inn på varaplassen til Renee Semmingsen (Samlingslista):

Nestleiar: Ådne Utkilen (SL)

PS 135/2023 Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2023 - 2027:

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet si innstilling:

Medlemmer for perioden 2022 - 2025	Vara for perioden 2022 - 2025
Gro Kaland (Sp)	Frank Erik Øksnes (INP)
Nils Ove Vassdal (H)	Harald Lundal(H)
Jan Nordø (Samlingslista)	Siri Kaland (Ap)
Medlemmer valde for perioden 2023-2027	Vara valde for perioden 2023-2027
<i>Reidar Ulvøy (Ap)</i>	<i>Kristian Semmingsen Lerøy (AP)</i>
<i>Aslak André Bakke (H)</i>	<i>Lisbeth Oen (INP)</i>
<i>Lise Renate Helle (Sp)</i>	<i>Per-Kristian Løvmo (Sp)</i>
Leiar for perioden 2022 - 2025	Nestleiar for perioden 2023-2027
Leiar: Nils Ove Vassdal	Nestleiar: <i>Reidar Ulvøy</i>

PS 136/2023 Val av representant og vararepresentant til SU ved Kaland barnehage 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Medlem	Vara
Ådne Utkilen (SL)	Lise Renathe Helle (Sp)

PS 137/2023 Val av representant og vararepresentant til SU ved Austrheim kystbarnehage 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Medlem	Vara
Pål Andreas Dyrkolbotn (Sp)	Frank Erik Øksnes (INP)

PS 138/2023 Val av representant og vararepresentant til representantskap i IUA Bergen region KOF

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Medlem:	Varamedlem:
Morten Sognnes (H)	Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp)

PS 139/2023 Val av medlemmer til administrasjonsutvalet

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Det er sett inn representantar for Fagforbundet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Faste medlemmer	Varamedlemmer	
Morten Sognnes - H	Varaliste for Arbeidarpartiet, Høgre og INP	
Per Lerøy - Ap	1. Frank Erik Øksnes INP	
Hege Ramsland - H	2. Terje Håland Ap	
Ann Kristin Leirvåg - Ap	3. Aslak André Bakke H	
	4. Monika Thorpe Ap	
	5. Kristoffer Myklebusthaug H	
	6. Anette Kaland Ap	
Bjørn Inge Dyrkolbotn - Sp	Varaliste for Senterpartiet og Samlingslista	
	1. Reidar Øksnes Sp	
	2. Gro Kaland Sp	
	3. Renée Semmingsen SL	
Tillitsvalde	Vara for tillitsvalde	Valde av
Fagforbundet	Janina Vågheim Fenne	Fagforeiningane

Kaland	Anette	
Utdanningsforbundet Monika S. Gabrielli	Monica Mjanger	Fagforeiningane
Leiar:	Nestleiar:	Valde av
Ordførar	Varaordførar	Kommunestyret

PS 140/2023 Val av representant og vararepresentant til SU ved Årås skule 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Medlem	Vara
Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)	Renée Semmingsen (SL)

PS 141/2023 Val av representant og vararepresentant til SU ved Kaland skule 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Medlem	Vara
Anette Kaland (Ap)	Kristoffer Myklebusthaug (H)

PS 142/2023 Val av representant til kyrkjeleg fellesråd 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Medlem	Vara
Hege Ramsland (H)	Ole Moen (SL)

PS 143/2023 Val av medlemmer til landbruksfagrådet 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Medlem og leiar i rådet, Reidar Øksnes, SP og vara Ann Kristin Leirvåg, Ap

PS 144/2023 Val av utsendingar til eigarmøte og representantskap i Aufera 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Eigarmøte – representant	Eigarmøte – vararepresentant
Ordførar Morten Sognnes, H	Varaordførar Per Lerøy, Ap
Representantskap – medlem	Representantskap – varamedlem
Hege Ramsland, H	Anette Kaland, Ap
Reidar Øksnes, Sp	Ingeborg Hordvik, SL

PS 145/2023 Val av representant til årsmøte i Gløde 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Aslak André Bakke (H) som fast medlem, med Ann Kristin Leirvåg (Ap) som vara.

PS 146/2023 Val av medlemmer til Eldrerådet 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Det er ei endring, Asbjørn Brandtun (Ap) går inn på varaplassen til Idar Hopland (Ap).

Som svar på innspelet frå Pensjonistforbundet bestiller kommunestyret ei sak frå kommunedirektøren, der det vert vurdert å utvida talet medlemmer i Eldrerådet.

Valutvalet si reviderte tilråding:

Pensjonistar, faste	Pensjonistar, vara
Olav Mongstad (framlegg Pensjonistforbundet)	Inger Synnevåg (framlegg Pensjonistforbundet)
Jan Ove Synnevåg (framlegg Pensjonistforbundet)	Gunnveig Bentsen (framlegg Pensjonistforbundet)
Gro Johannessen (framlegg Pensjonistforbundet)	Atle Lervåg (framlegg Pensjonistforbundet)
Frå kommunestyret, faste	Frå kommunestyret, vara
Tore Svendsen (SL)	Øyvind Ullestad (Sp)
Hege Ramsland (H)	Asbjørn Brandtun (Ap)
Leiar (skal vera pensjonist)	Nestleiar (skal vera pensjonist)
Kommunestyret bestiller ei sak frå kommunedirektøren, der det vert vurdert å utvida talet medlemmer i Eldrerådet.	

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt reviderte framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet si reviderte tilråding:

Pensjonistar, faste

Olav Mongstad (framlegg
Pensjonistforbundet)

Jan Ove Synnevåg (framlegg
Pensjonistforbundet)

Gro Johannessen (framlegg
Pensjonistforbundet)

Frå kommunestyret, faste

Tore Svendsen (SL)

Hege Ramsland (H)

Leiar (skal vera pensjonist)

Pensjonistar, vara

Inger Synnevåg (framlegg
Pensjonistforbundet)

Gunnveig Bentsen (framlegg
Pensjonistforbundet)

Atle Lervåg (framlegg Pensjonistforbundet)

Frå kommunestyret, vara

Øyvind Ullestad (Sp)

Asbjørn Brandtun (Ap)

Nestleiar (skal vera pensjonist)

Kommunestyret bestiller ei sak frå kommunedirektøren, der det vert vurdert å utvida talet medlemmer i Eldrerådet.

PS 147/2023 Val av tingsutval

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Den siste perioden har heile formannskapet fungert som tingsutval, sjølv om ikkje dette er heimla i reglementet.

Kommunestyret bestiller ei sak frå kommunedirektøren, der det vert vurdert å utvida talet medlemmer i tingsutvalet, jamfør dagens praksis.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt reviderte framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet si reviderte tilråding:

Ordførar er leiar	<i>Morten Sognnes, H</i>
Varaordførar	<i>Per Lerøy, Ap</i>
Gruppeleiar største opposisjonsparti	<i>Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Sp</i>
	<i>Vara frå eigne parti for dei ulike medlemmene i utvalet, etter rangering.</i>

Kommunestyret bestiller ei sak frå kommunedirektøren, der det vert vurdert å utvida talet medlemmer i tingsutvalet, jamfør dagens praksis

PS 148/2023 Austrheim kommune sine medlemmer i representantskapet i NGIR

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet ved Aslak Bakke (H) og Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om framlegget frå utvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Fast medlem	1. vara	2. vara
Gro Kaland (Sp)	1. vara Tore Svendsen (SL)	2. vara Frank Erik Øksnes (INP)
Hardy Pedersen (Ap)	1. vara Magnus Kvingedal (H)	2. vara Aslak André Bakke (H)

PS 149/2023 Val av medlemmer til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

I denne saka var det framlegg om fleire representantar enn det var plassar, slik at kommunestyret måtte gjera ei prioritering.

Nytt framlegg til vedtak:

Medlemmer frå organisasjonane, NFU, LPP, andre Vara frå organisasjonane

Bodil Monslaup

Haldis Dyrnes

Mette Ekornerød

Anny Bertelsen

Ivar Bergsvik

Torbjørn Husby

Frå kommunestyret, faste

Frå kommunestyret, vara

Katrine Longva (Ap)

Kari Anne Fadnes (INP)

Reidar Øksnes (Sp)

Ingeborg Hordvik (SL)

Medlem frå eldrerådet: (seinare)

Vara frå eldrerådet: (seinare)

Leiar: Bodil Monslaup

Nestleiar: Reidar Øksnes

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt reviderte sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Medlemmer frå organisasjonane, NFU, LPP, andre	Vara frå organisasjonane
Bodil Monslaup	Haldis Dyrnes
Mette Ekornrød	Anny Bertelsen
Ivar Bergsvik	Torbjørn Husby
Frå kommunestyret, faste	Frå kommunestyret, vara
Katrine Longva (Ap)	Kari Anne Fadnes (INP)
Reidar Øksnes (Sp)	Ingeborg Hordvik (SL)
Medlem frå eldrerådet: (seinare)	Vara frå eldrerådet: (seinare)
Leiar: Bodil Monslaup	Nestleiar: Reidar Øksnes

PS 150/2023 Val av Arealplanutval 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Renee Semmingsen (Samlingslista) ba om at dei fekk plass i Arealplanutvalet.

Kommunestyret diskuterte seg fram til eit nytt oppsett der både Samlingslista og INP var representert.

Det vart lagt fram nytt framlegg til vedtak:

Valutvalet si reviderte innstilling:

Faste medlemmer:	Vara etter partiliste
Ordførar Morten Sognnes – H (leiar)	Varaliste for Arbeidarpartiet, Høgre og INP
Varaordførar Per Lerøy - Ap (nestleiar)	1. Terje Håland - Ap
Hege Ramsland - H	2. Aslak André Bakke - H
Ann Kristin Leirvåg - Ap	3. Monika Thorpe - Ap
	4. Kristoffer Myklebusthaug - H
	5. Anette Kaland - Ap
Frank Erik Øksnes - INP	Kari Anne Fadnes - INP
Renee Semmingsen - Samlingslista	Ingeborg Hordvik - Samlingslista
Bjørn Inge Dyrkolbotn - Sp	Varaliste for Senterpartiet
	1. Reidar Øksnes - Sp
	2. Gro Kaland - Sp

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt reviderte sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Valutvalet si reviderte innstilling:

Faste medlemmer:

Vara etter partiliste

Ordførar Morten Sognnes – H (leiar)

Varaliste for Arbeidarpartiet, Høgre og INP

Varaordførar Per Lerøy - Ap (nestleiar)

Hege Ramsland - H

1. Terje Håland - Ap

Ann Kristin Leirvåg - Ap

2. Aslak André Bakke - H

3. Monika Thorpe - Ap

4. Kristoffer Myklebusthaug - H

5. Anette Kaland - Ap

Frank Erik Øksnes - INP

Kari Anne Fadnes - INP

Renee Semmingsen - Samlingslista

Ingeborg Hordvik - Samlingslista

Bjørn Inge Dyrkolbotn - Sp

Varaliste for Senterpartiet

1. Reidar Øksnes - Sp

2. Gro Kaland - Sp

PS 151/2023 Val av medlemmer til vassområdeutval 2023-2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes (H) som politisk kontaktperson i Nordhordland vassområdeutval for perioden 2023-2027, med varaordførar Per Lerøy (Ap) som vara.

Kommunedirektøren har peika ut Asbjørn Nagell Toft som administrativ kontaktperson til Nordhordland vassområdeutval, med Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen som vara.

PS 152/2023 Val av ungdomsråd 2023 - 2025

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Tillegg til vedtaket:

Kommunestyret ber kommunedirektøren sjå på reglementet, med tanke på alder og samansetting av ungdomsrådet. Reglementet seier det skal vera seks medlemmer frå ungdomsskulen og to frå AVS, det er naturleg å sjå på denne sidan mange er trygge i rolla si etter kvart som dei kjem over på AVS, og då er det uheldig at det berre kan vera to frå denne aldersgruppa.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt reviderte sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Medlemmer til ungdomsråd 2023 – 2025:

Simen Fonnes (AVS)

Ida Fonnes (AVS)

Frida Hjertaas (AVS)

Sofie Risnes (AVS)

Andreas Totland (10. klasse)

Julie Johansen Isene (10. klasse)

Sander Emeel Bruaas (9. klasse)

Håvard Wiik Daae (8. klasse)

Kommunestyret ber kommunedirektøren sjå på reglementet, med tanke på alder og samansetting av ungdomsrådet. Reglementet seier det skal vera seks medlemmer frå ungdomsskulen og to frå AVS, det er naturleg å sjå på denne sidan mange er trygge i rolla si etter kvart som dei kjem over på AVS, og då er det uheldig at det berre kan vera to frå denne aldersgruppa.

PS 153/2023 Val av representant for interkommunalt arkiv 2023 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Anne Dahle Austrheim (Upol.) som fast medlem, med Reidar Øksnes (Sp) som vara

PS 154/2023 Oppdatering etter valet av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2023:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om framlegget til nytt reglement, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2023:

Kommunestyret vedtek «Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune - frå 01.01.2024».

